



## Bacheloroppgåve

Korleis oppfattar og forstår internasjonale studentar pliktene til allemannsretten

**215 - Håvard Tofte**

**222 - Simen Hjelmeland**

Bachelor i Friluftsliv

ID3-322

Rettleiar: Thor Espen Fugelsøy

15.12.2017

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, *jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 10*

## Forord

Denne bacheloroppgåva er skrive hausten 2017 av to studentar i friluftsliv ved Høgskulen på Vestlandet, Sogndal.

Eiga erfaring med naturbasert turisme er hovudgrunnen til at vi valte å fordjupe oss i temaet. Som friluftsstudentar har vi sett og erfart korleis turistar legg igjen ulike spor i naturen og samfunnet rundt. Dette er ei veldig interessant og dagsaktuell utfordring som vi trur vil bli mykje meir diskutert og forska på framover.

Det har vore ein spennande og krevjande prosess der vi har lært mykje, men også om det å skrive ei akademisk oppgåve. Vi gleder oss difor til å skrive master.

Vi vil takke Thor Espen Fugelsøy for god rettleiing i ein travel og tidvis snørrik kvardag. Ser vi han på puben, skal han få ei øl. Vi vil også takke informantane som sa seg villig til å delta i intervjuet. Til slutt vil vi takke oss sjølve, for framifrå innsats.

## Samandrag

Den eksplosive veksten i turisme i Noreg (Innovasjon Noreg, 2017) der naturattraksjonar som Preikestolen, Lofoten og Trolltunga opplever ein sterkt aukande pågang har ført til fleire utfordringar (Ellingsen, 2016; Oma, 2017). I 2010 hadde Trolltunga rundt 800 besøkande (Fjelltveit, 2016), medan det sesongen 2016 vart registrert 80 000. Vi ønska å sjå nærare på kvifor dette har blitt eit problem. Difor valte vi å intervjuje studentar frå Outdoor Education and Nordic Friluftsliv for å forstå korleis dei oppfattar allemannsretten og fri ferdsel (Friluftsloven, 1957). Oppgåva er difor basert på synet informantane har på allemannsretten for å sjå om det er samanhengar mellom deira syn og utfordringar naturbasert masseturisme har opplevd.

For å få fram ulike erfaringar, tankar og syn, valte vi kvalitativ metode. Intervjua vart gjennomført som fokusgruppeintervju, for å fremme diskusjon og refleksjon (Lerdal & Karlsson, 2009). For at informantane sjølv skulle få vektleggje kva som var relevant og fremme diskusjon, brukte vi ei semistrukturert intervjuguide (Johannessen, Tufte & Kristoffersen, 2006).

Svara vi fekk i intervjuet vart diskutert og analysert opp mot teorien. Undersøkinga viste at informantane sin forståing for pliktene i allemannsretten (Friluftsloven, 1957) er bygd opp rundt det å vise sunn fornuft. Dette handlar spesielt om å ferdast sporlaust (Mytting & Bischoff, 2008). For å få innblikk i deira turvaner, valte vi vidare å spørje dei om kva vurderingar dei gjorde før og under tur (Faarlund, 1973; Horgen, 2010).

På bakgrunn av våre funn kom vi difor fram til at studentane ved Outdoor Education and Nordic Friluftsliv har eit noko overflatisk syn på allemannsretten. Slik vi tolka det, er det sporlaus ferdsel som hovudsakleg blir vektlagt av informantane som ei plikt. Vi såg ingen klare funn som tilsa at det å ferdast trygt nødvendigvis vart oppfatta som ei plikt. Vår konklusjon vart difor at allemannsrettens plikter er diffuse (Reusch, 2012). Når friluftsstudentar difor slit med å forstå pliktene, korleis kan vi forvente at besøkande turistar skal forstå dei?

# Innhald

Forord.....	4
Samandrag.....	5
1. Innleiing .....	7
1.1 Utfordrande forhold til tidlegare forskning og litteratur .....	8
1.2 Omgrepsavklaring .....	8
1.3 Bakgrunn for problemstilling .....	8
2. Teori .....	9
2.1 Allemannsretten, friluftsløva og plikter .....	9
2.2 Tur etter evne og norsk sikkerheitskultur .....	11
2.3 Naturbasert turisme .....	13
2.4 Utfordringar ifølgje med masseturisme og allemannsrett .....	14
3. Metode.....	16
3.1 Val av metode .....	16
3.2 Utval .....	16
3.3 Intervju og intervjuguide .....	17
3.4 Transkribering og analyse .....	18
3.5 Validitet og reliabilitet.....	18
4. Resultat og diskusjon.....	20
4.1 Tar sporlaus ferdsel for stor del av allemannsretten? .....	20
4.2 Tur etter evne .....	23
Vær og forhold .....	23
Gruppa sine føresetnadar.....	26
Korleis oppfattar informantane tur etter evne? .....	27
4.3 Er det å oppfatte kva allemannsretten inneberer enkelt? .....	29
4.4 Metodiske svakheitar .....	31
5. Konklusjon .....	32
6. Litteraturliste .....	33
7. Vedlegg.....	37
Intervjuguide .....	39

# 1. Innleiing

Brennpunkt kom i 2016 med ein dokumentar som omhandla presset Raude Kors hadde opplevd på Trolltunga sesongen 2016 (Ellingsen, 2016). Rundt 40 redningsoppdrag fordelt på eit lite, frivillig mannskap frå Odda og nærliggjande bygder.

Hjelpemannskap, konstruert for å imøtekomme dei utfordringar ein kommune i underkant av 7000 innbyggjarar (Statistisk Sentralbyrå, 2017) kan by på, kom under stort press. At den spesielle steinformasjonen skulle få rundt 80 000 besøkande i 2016 (Fjelltveit, 2016), var nok få klar over for 20 år sidan. Turismen har etterlat tydelege spor. Stor slitasje, forsøpling og fleire redningsoppdrag enn det infrastrukturen kunne handtere (Reusch, 2016). I denne samanheng er allemannsretten ofte blitt tema for diskusjon (Bø, 2016; Jacobsen, 2017).

Som guide ved Trolltunga, har samtidig ein av oss førstehandserfaring med dei spora som er blitt etterlatt, korleis mange turistar gjennomgåande vel å ferdast lite aktsamt. Difor synest vi det er interessant det Reusch (2016) skriv i ein kronikk til NRK:

*«Allemannsretten gir oss alle en mulighet til å ferdes fritt i naturen, enten du er fastboende, besøkende eller turist. Men vi må bli flinkere til å leve etter hele loven, også det som står etter komma» (Reusch, 27.11.2016).*

Samtidig utga Reusch (2012) ei bok om allemannsretten og friluftslivets rettsgrunnlag. Her skriv ho: *«Pliktsiden av allemannsretten er et mindre omtalt kapittel enn rettighetssiden, både i rettspraksis og i rettslitteraturen» (Reusch, 2012, s. 213).* Kva plikter turistane la til grunne for å dra til turismål langt inne i den norske fjellheimen vart difor eit interessant tema for oss. Vi ville prøve å forstå kva det er som har gjort overtramp på overtramp mogleg. Kvifor visar enkelte turistar ei så lite aktsam åtferd (Ellingsen, 2016). Vi valte difor å ta utgangspunkt i frilufsloven (1957) og allemannsretten, for å sjå korleis studentane ved Outdoor Education and Nordic Friluftsliv ved Høgskulen på Vestlandet oppfatta konseptet med fri ferdsel.

### **1.1 Utfordrande forhold til tidlegare forskning og litteratur**

Temaet vi har valt å undersøke er forholdsvis nytt. Dette har gjort det vanskeleg for oss å finne relevant forskning og litteratur. I forhold til allemannsretten har vi basert oss på Reusch (2012), som er ein av dei som har forska mest på allemannsretten her i Noreg. Vidare har vi brukt masteroppgåvene til Jacobsen (2017) og Oma (2017) som belyste noko av problemstillinga vår. Ettersom temaet er mykje omdiskutert dei siste åra, er det samtidig skrive ein del artiklar og kronikkar som for oss har vore relevante. Vi har samtidig vore forsiktige ved bruken av desse, men problema og utfordringane desse tekstane belyser stemmar ofte overeins med den forskinga og litteraturen vi har funne.

### **1.2 Omgrepsavklaring**

Ettersom vi intervjuar informantane på engelsk måtte vi sørge for å oversetje allemannsretten slik at dei forstod konseptet. Miljødirektoratet (2013) brukar det engelske omgrepet «right to roam» for å omsetje ordet. Dette er samtidig det omgrepet som rettleiarane og lærarane ved utdanninga på Outdoor Education brukar. Difor vart det naturleg for oss å bruke det same.

### **1.3 Bakgrunn for problemstilling**

I forkant av undersøkinga var vi interessert i å få tak i data frå turistar ved Trolltunga, men på grunn av tidsperspektivet og feil årstid fant vi det meir hensiktsmessig å intervjuar dei internasjonale studentane som studerte friluftsliv ved Høgskulen på Vestlandet. Vi ville prøve å trekke parallellar frå det undersøkinga avdekkar, til dagens utfordringar med naturbasert turisme. Vår problemstilling vart difor:

*«Korleis oppfattar og forstår studentane ved Outdoor Education and Nordic Friluftsliv allemannsretten, pliktene som følgjer og tur etter evne?»*

## 2. Teori

I teorikapittelet skal vi ta føre oss allemannsretten og prinsippet tur etter evne. Allemannsretten er eit gratis fellesgode og ein del av vår kulturarv (Miljødirektoratet, 2017). Vi vil sjå på kva allemannsretten betyr på eit djupare plan, og kva som inngår i pliktene, som av og til ikkje er like enkelt å forstå. Vi vil gjere greie for norsk sikkerheitskultur, og prinsippet tur etter evne som ein del av denne norske sikkerheitskulturen (Horgen, 2016). Deretter skal vi gå innpå omgrepet naturbasert turisme, og kva utfordringar denne næringa stor ovanfor i dag, med tanke på masseturismen.

### 2.1 Allemannsretten, friluftslova og plikter

Allemannsretten er ein samlebetegnelse på dei rettighetene kvar og ein har til å bruke naturen fritt. Alle har rett til å ferdast og opphalde seg i utmarka i Norge, uavhengig av kven som er grunneigar. Miljødirektoratet (2010) har det overordna ansvaret for allemannsretten, og ifølgje dei gjelder retten når ein er i skogen, på fjellet, sjøen, elva og vatna. Den gjer deg også rett til å hauste av naturen.

*«Formålet med denne loven er å verne friluftslivets naturgrunnlag og sikre allmenhetens rett til ferdsel, opphold m.v. i naturen, slik at muligheten til å utøve friluftsliv som en helsefremmende, trivselsskapende og miljøvennlig fritidsaktivitet bevares og fremmes» (Friluftsloven, 1957, § 1).*

Ein kan nytte desse rettane uavhengig av kven som er grunneigar, i motsetning til i ein del andre land der ein må skaffe tillating og betale (Reusch, 2012). §2 i Friluftsloven (1957) seier at alle kan ferdast til fots i utmark heile året, så lenge det skjer med aktsam og varsemd. Det same kan ein med ride- og eller kløvhest, kjelke, trøsykkel eller liknande framkomstmiddel på veg eller sti i utmark og over alt i utmark på fjellet (Friluftsloven, 1957). Jacobsen (2017) hevdar at allemannsretten ikkje er ein rett som berre omfattar ei bestemt gruppe. «Hensynsfullt og med tilbørlig varsomhet» kan ein forstå som at ferdselen skal skje utan at det blir gjort skade på eigedomen til grunneigar, natur eller dyreliv. Det er viktig å hugse på at lova gir oss rett til å ferdast fritt i utmark, men ikkje på innmark. På innmark kan vi berre ferdast på vinteren når marka er snødekt eller frosen. Innmark omfattar dyrka jord, plantefelt, engslått og kulturbeite. Utmark er

all udyrka mark som ikkje er definert som innmark, altså skog, mark, myr, vatn og vassdrag (Mytting & Bischoff, 2008)

Reusch (2012) skriver at pliktene som følgjer med allemannsretten er mindre omtalt enn rettane. Miljødirektoratet (2016) skriver at alle rettane som kjem med allemannsretten er avgrensa. Opphald og fri ferdsel i naturen skal skje utan at å forårsake ulempe for andre og skade på naturen. Vi skal forlate plassen slik vi sjølv ønska å finne den, og desse pliktene er uavhengige av kva aktivitet ein driv med. «*Man skal vise hensyn både ovenfor grunneier, bruker, naturen og andre friluftslivsutøvere*» (Miljødirektoratet, 12.07.2016).

Sporlaus ferdsel er sentralt for allemannsretten (Mytting & Bischoff, 2008). Friluftslova (1957) seier at alle som ferdast eller oppheld seg i naturen skal opptre aktsamt og med varsemnd. Personen pliktar seg til å etterlate plassen i ein tilstand som ikkje verkar skjemma eller førar til skade eller ulempe. Vidare seiar den at grunneigar kan vise vekk folk som opptre omsynslaust.

Mytting og Bischoff (2008) skriv at ein skal forbruke minst mogleg og setje få spor når ein er ute. Ein skal ta med seg heim det som ein tok med seg ut. Ved å gjere dette kan ein bidra til at folk som kjem seinare ikkje får ei redusert naturoppleving. Dei seier at vi må vise god ferdselskultur, ved at vi tek omsyn til vår eiga livsutfalding på same tid som vi har respekt for grunneigar eller privatpersonar, som har naturområdet som næringsgrunnlag.

Hensynsfull ferdsel er eit omgrep som har blitt født på nytt dei siste åra i forbindelse med turisteksplosjonen på naturattraksjonar som Trolltunga, Preikestolen, Kjerag og Besseggen (Ellingsen, 2016). Omgrepet er upresist og lite avklart. Ei forklaring finn ein i friluftslovens §11, som gjev ei generell plikt om å opptre aktsamt og med varsemnd. Utover dette eksistera det lite teori som forklarar omgrepet nærare. Likevel er hensynsfull ferdsel så sentralt for allemannsretten at Reusch (2016) omtalar hensynsregelen som allemannsretten si grense. «*Så mye har man lov til, men heller ikke mer*» (Reusch, 27.11.2016).



Kva som inngår i omgrepet hensynsfull ferdsel må difor tolkast ut frå §11 i friluftslova (1957). Jacobsen (2017) hevdar at ordlyden «hensynsfull og med tilbørlig varsomheit» betyr at ferdselen skal skje utan skade på eigedom, naturen og faunaen. Det å opptre aktsamt betyr vidare at brukaren av naturområdet blant anna ikkje kastar søppel eller etterlet seg meir spor enn det som er nødvendig. Hensynsfull ferdsel kan ein difor sjå i samanheng med prinsippet tur etter evne.

## **2.2 Tur etter evne og norsk sikkerheitskultur**

Korleis ein har haldt seg til farar og risiko, har vore forskjellig frå kultur til kultur (Horgen, 2016). Ein kan seie at det er kulturelt betinga. Difor kan vi snakke om forskjellige sikkerheitskulturar i friluftslivet. Ein har sett fleire dødsulykker i forskjellige utandørs tradisjonar dei siste 50 åra. Horgen (2013) undersøkte ulykker i Norge, og den viser at vi ikkje har hatt omfattande ulykker i det norske friluftslivet dei siste 20-30 åra. Tordsson (1998) hevdar at den norske naturen er krevjande, og at ein utfordring må foreinast med idealet om sikkerhet. Norsk friluftsliv handlar om å trivast, sjølv under krevjande forhold. Det å ha overskudd er viktig.

*«Du kan godt gjøre store ting, men du må vise at det du gjør, det gjør du med sikkerhet og eleganse. Det som vekker beundring er ikke så mye at du tar sjanser, som dine bakenforliggende evner: at du har noe å fare med, at du skjønner hva du driver med. Skal du gjøre noe vanskelig, skal du kunne gjøre det med et smil» (Tordsson, 1998, s. 8).*

Nils Faarlund etablerte Høgfjellsskulen på Hemsedal i 1968 (Horgen, 2016). Han hadde lenge vore opptatt av sikkerheit i friluftsliv. I 1971 lanserte han prinsippet tur etter evne som regel nummer ein i friluftslivet. Tur etter evne betyr at krava som det område ein er i stiller, må vere tilpassa føresetnadane til deltakerane. Etter ulykkespåska i 1967 fekk Den Norske Turistforening (DNT) og Norges Raude Kors Hjelpekorps i oppgåve å finne tiltak som kunne førebygge ulykker i fjellet. Faarlund kom difor med eit forslag om å ta i bruk tur etter evne, i staden diverse fjellsikringstiltak.

Omgrepet tur etter evne handlar om å ha sjølvvinningsikt nok til å leggje ut på tur eller drive med aktivitetar der eigen kompetanse gjer at ein kan meistre dei krav valt tur eller aktivitet byr og kan by på (Faarlund, 1973??). Det å vere i naturen betyr at ein er

underlagt dei krefter som moder jord kan koke saman. Dette betyr at ein må kunne ferdes ute, finne vegen og unngå farlege situasjonar. For å leve opp mot prinsippet må ein kvar tur difor starte med å sjølve turvalet. Her må ein undersøke og sjå på kva det aktuelle området ein skal ferdes eller opphalde seg i kan by på. Faarlund har delt opp turen etter krav og føresetnadar, der føresetnadar til ei kvar tid må overgå krava til turen:

**(a) Krav**

*Kravene avhenger av:*

- (i) turområdets/farvannets geografiske beliggenhet*
- (ii) høye over havet*
- (iii) lendeforhold/farvann*

*Kravene varierer med tilstanden:*

- (i) tiden (årstiden/tiden på døgnet)*
- (ii) vær-/føreforhold*

**(b) Forutsetninger**

*Gruppens/egne forutsetninger avhenger av:*

- (i) Kunnskap/erfaring/vurderingsevne med hensyn på det aktuelle turområde/farvann.*
- (ii) Ferdighet/utstyr*
- (iii) Yteevne (fysisk og psykisk)*

*Forutsetningene endrer seg med tilstanden:*

- (i) helsetilstanden*
- (ii) treningstilstand*
- (iii) "dagsform"/skader*

(Faarlund, 1973, s. 39-39)

Dette betyr at kvar gruppe eller den enkelte som skal ut i naturen må planlegge vegval, der ein ser på stigning, høgdemeter og fall, har gjennomgått orientering forhold til vær, lende og føre forhold til tidsbruk og plan (Faarlund, 1973). Vidare må ein sjå på eigne krav og føresetnadar og deretter vurdere vidare vegval. Er våre eigne føresetnadar til ein kvar tid betre enn krava turen stiller? Til slutt må ein ha ein plan for upårekna hendingar, der ein har ein beredskap for uhell. Har ein utstyr til å drive førstehjelp? Har ein eit system for varslings?

Ved tur over evne vil ein ikkje oppleve at ein er på lag med naturen, men at ein gjer den om til ein motstandar, og deretter ein trussel (Tordsson, 1998). Dette hevdar Tordsson vil øydelegge turgleda. Turgleda er avhengig av at ein vel tur etter evne, slik at turopplevinga blir eit resultat av sine eigne vurderingar og val. «*En er medskapende, fri og på nivå med den natur en opplever*» (Tordsson, 1998, s. 12).

### **2.3 Naturbasert turisme**

Det er inga skarp grense mellom naturbasert turisme og friluftsliv. Lundmark (2009) hevdar at den som praktiserer friluftsliv utanfor sine vanlege omgjevnadar kan bli betrakta som ein turist, og at ein kan sjå på naturbasert turisme som ei form for kommersielt organisert friluftsliv. I følgje Fredman et al. (2009) er omgrepet naturbasert turisme mykje brukt, men at ein definisjon ikkje er avklart. Difor foreslår han ein definisjon som byggjar på definisjonen av turisme. Dette gjer han fordi han vurderer naturbasert turisme som ein underkategori til turisme generelt. Definisjonen han har foreslått er: «Naturturism omfattar menneskers aktiviteter när de vistas i naturområden utanför sin vanliga omgivning» (Fredman, Reinius & Lundberg, 2009, s. 24). Mehmetoglu (2007) definerer begrepet naturbasert turisme som reiser der hensikta er å nyte naturen eller å oppleve urørt natur. Denne definisjonen viser kor stort omfang naturbasert turisme har, som kan vere alt frå økoturisme til å ligge på stranda i Mallorca. Turisme er ein stor industri, og naturbasert turisme er den forma for turisme som veks raskast. Det er ikkje berre utanlandske turistar som etterspør denne forma for turisme, nordmenn vil også ha meir tilrettelagde naturopplevingar (Norwegian Institute for Nature Research, 2012).

Det kjem fleire og fleire turistar til Norge (Innovasjon Norge, 2017). 2016 var eit rekordår for norsk reiselivsnæring. Sidan 2010 har besøkande til Norge auka meir enn det har gjort på internasjonal basis. Regjeringa seier at reiselivsnæringa stod for fire prosent av verdiskapinga og nesten ni prosent av sysselsettinga i 2015. Det er samtidig 160 000 personar som jobbar i næringa. 62 prosent av dei som ferierar i Norge er nordmenn (Nærings- og fiskeridepartementet, 2017, s. 5). Det er vanskelig å finne gode tal som viser kor mange turistar som besøker dei forskjellige naturattraksjonane i Norge, men ein statistikk som kan seie noko om mengde turistar, er statistikken om gjestedøgn. Til saman var det 33,1 millionar gjestedøgn ved kommersielle overnattingsstadar i Norge i 2016, som er ei auke på fem prosent meir enn i 2015, og 14 prosent meir enn i 2011 (Nærings- og fiskeridepartementet, 2017, s. 11). Sjølv om størsteparten av gjestedøgna er norske, har utanlandske gjestedøgn auka med 12 prosent frå 2013 til 2016. Fjord Norge, med dei fire fylka på vestlandet hadde 308 600 fleire gjestedøgn samanlikna med 2015 (Innovasjon Norge, 2017, s. 32).

*«Det som gjør Fjord Norge så spesielt, er at de har størst andel utenlandske gjestedøgn gjennom året, men både Fjord Norge og Nord-Norge har økt andel utenlandske gjestedøgn i 2016» (Innovasjon Norge, 2017, s. 32).*

Ifølgje ei undersøking gjort ved Norges miljø- og biovitenskapelige universitet er det anslått at det eksisterer mellom 2000 og 3000 naturbaserte reiselivsbedrifter i Norge. Kjenneteikna på desse bedriftene er at dei er små, 1-3 årsverk og med ei gjennomsnittleg omsetning frå NBR på ca. 1 million kroner. Mellom 20-38 prosent av bedriftene som deltok i undersøkinga har aktivitet i nokre av Norges og Svalbards 44 nasjonalparkområder (Stensland et al., 2014, s. 50).

Nærings- og fiskeridepartementet (2017) gir fleire grunnar til denne auka. Ein av desse grunnane er svak kronekurs. *«Kronekursen har styrket Norges konkurransevne rent kostnadsmessig, og den har gitt utenlandske turister økte kjøpekraft ved valg av Norge som reisemål».* (Nærings- og fiskeridepartementet, 2017, s. 5). Men det er ikkje berre den svake kronekursen som forklarar dei høge besøkstala. Noreg har dei siste åra blitt marknadsført bevisst og målretta som eit reisemål. Reiselivsnæringa har arbeida med å fremje produktutvikling, samarbeid og kompetanseheving (Nærings- og fiskeridepartementet, 2017, s. 5).

## **2.4 Utfordringar ifølgje med masseturisme og allemannsrett**

Auka i mengda turistar har ført til utfordringar knytt til infrastrukturen hjå dei frivillige hjelpekorpsa og forvaltninga av friluftsliv lokalt (Ellingsen, 2016). Stortingsmelding 19 (2016-2017) nemnar at auka i tilreisande er ei utfordring for næringa, som vil føre til belastning på natur og miljø, og at det i tillegg kan påverke lokalsamfunna. Ifølgje Reusch (2016) blir allemannsretten utfordra av den ekstreme mengda turistar på naturattraksjonar som Preikestolen, Kjerag eller andre stadar. Jacobsen (2017) hevdar at utøving av allemannsretten kan ha negative konsekvensar. Dette har ført til behov for tiltak, men dette kostar pengar og vil redusere opplevinga av vill natur. Ifølgje Stortingsmelding 18 (2015-2016) om friluftslivet vil ein opne opp friluftslivet for fleire, ved å tilretteleggje meir. Jacobsen (2017) trur difor at ferdselen i natur vil auke enda

meir, særleg i populære område. Denne aukinga vil føre til enda større press på naturen, og det kan bli nødvendig å regulere ferdselen.

Dorthe Eide (Busch, 2017) ved universitetet i Nord seier at dei opplever ei aukande kommersialisering av fellesskapets godar. «*Vi opplever stadig oftere at utenlandske operatører benytter seg av allemannsretten og av fellesgoder som turistforeningshytter og rasteplasser til kommersielle formål*» (Busch, 3.9.2017). Ho kommenterer vidare at vi i framtida kjem til å måtte innføre strengare regulering av naturen. Vi må finne ei løysing som tar vare på naturen, og som på same tid tar omsyn til turistane sine ønske om å oppleve norsk natur og friluftsliv. Ei av utfordringane har vore turistar med lite erfaring og kunnskap til norske forhold, som undervurderer turen og seg sjølv (Ellingsen, 2016). Dette har ført til mange redningsaksjonar, og eit stort press på dei lokale hjelpekorpsa (Lura, Hauso & Sanden, 2016).

Eit godt eksempel på eit naturområde under stort press på grunn av auka turisme er Trolltunga. I løpet av dei siste seks åra har besøkstala eksplodert, frå 800 besøkande i 2010 til 80 000 besøkande i 2016 (Fjelltveit, 2016). Her vart det gjennomført rundt 40 leite- og redningsaksjonar i fjor, ein dobling frå året før. Dette skjer samtidig som besøkstallet i løpet av få år er blitt femdobla. Innan 2023 reknar ein med at mellom 300.000 og 400.000 turister vil ta turen til Trolltunga kvart år (Moe, 2017).

### **3. Metode**

I dette kapitlet vil vi forklare forskingsmetoden vi har brukt for å svare på problemstillinga. Ifølgje Dalland (2017) er metoden eit verktøy ein brukar for å finne svar på spørsmål og samle inn ny kunnskap innafor eit fagfelt. Det finst to grunnleggjande metodar, kvantitativ og kvalitativ. Gjennom kapitlet ønska vi å greie ut om metoden vi har brukt. Vidare vil vi greie ut om utvalet vårt, og korleis vi har ivaretatt validitet og reliabilitet.

#### **3.1 Val av metode**

For å kunne svare på problemstillinga vår har vi valt å bruke kvalitativ metode. Formålet er å komme nært inn på informantane som deltar i intervjuet. Ei slik tilnærming vil kunne få fram nyanserte, djupe og reflekterte svar. I kvalitativ metode er det ofte vanlig å bruke observasjon, intervju og fokusgruppe for å samle inn data (Johannessen, Tufte & Kristoffersen, 2006). Vi har valt å gjennomføre fokusgruppeintervju. Dette for å få fram beskrivingar av informantane sine erfaringar, for å vidare kunne tolke betydinga av dei ulike tema som blir beskrive (Kvale, 1997).

Fokusgruppeintervju skiljar seg frå tradisjonelle gruppeintervju. I eit fokusgruppeintervju blir det lagt til rette for at deltakerane har dialog med kvarandre. Ein får dermed fram informasjon frå ein dynamisk interaksjonsprosess. Ein kan bruke fokusgruppeintervju i studiar der ein er opptatt av å få fram haldningar og erfaringar. Difor kan denne metoden brukast til å beskrive dominante haldningar og verdiar i forskjellige kulturar og subkulturar (Lerdal & Karlsson, 2009).

#### **3.2 Utval**

For å finne ut av problemstillinga, må ein ha informantar. Johannessen (et al., 2006) seier at det er fleire avgjersler ein må ta når ein skal gjennomføre fokusgruppeintervju. Ein må ta omsyn til samansetning av informantar, storleik og tal på grupper ein skal ha. Informantane vi har valt å bruke til å gjennomføre intervjuet er ti studentar frå Outdoor Education ved Høgskulen på Vestlandet. Vi kontakta emneansvarleg for Outdoor Education om vi kunne informere studentane om prosjektet. Det var ti studentar som sa seg villige til å delta på prosjektet. Tre frå USA, ein frå Australia, to frå Sveits, ein frå Danmark og tre frå Tyskland. Utvalet er relativt homogent, der alle i større eller mindre

grad hadde erfaring med friluftsliv før dei kom til Noreg. Ifølgje Krueger (1988) bør gruppene vere homogene, på same tid som det er nok variasjon mellom deltakerane til at det kan kome fram forskjellige erfaringar og haldningar.

For å få fram ynskja resultat valte vi å dele informantane inn i to grupper, basert på geografisk plassering og språk. Eine gruppa var med informantar frå Europa, og den andre gruppa med informantar frå USA og Australia. Ved å dele inn gruppene håpa vi å få fram forskjellige haldningar, som var viktig for vår oppgåve. På same tid ville vi at deltakerane skulle kunne kommunisere med kvarandre utan problem (Krueger, 1988).

### **3.3 Intervju og intervjuguide**

Før vi starta prosessen med sjølve intervjuet, sendte vi ein søknad til NSD. Søknaden blei behandla og vidare godkjent. Vi gjennomførte intervjuet på ein nøytral plass, på eit grupperom på høgskulen. Under intervjuet brukte vi to opptakarar til å ta opp lyd med. Dette for å sikre oss mot å sitte igjen utan dokumentasjon. Fordelen med å bruke lydopptak, forhold til det å bruke videoopptak, er at det kan verke mindre skremmande (Johannessen et al., 2006). For å organisere informantane valte vi å gi dei nummer. Ved at ein forskar sa nummeret til informanten som snakka, blei det lettare å vite kven som sa kva.

Vi lagde ein intervjuguide med tanke på at vi skulle ha eit semistrukturert intervju. Det betyr at intervjuguiden er utgangspunktet for intervjuet, men at ein ikkje følgjer den slavisk (Johannessen et al., 2006). Dalland (2017) skriver at til meir open intervjusituasjonen er, til lettare er det å få spontane, levande og uventa svar. Til meir strukturert intervjusituasjonen er, til lettare er det å analysere og strukturere intervjuet seinare. I fokusgrupper er diskusjonsprosessen minst like interessant som svara vi får på spørsmåla. Difor valte vi denne type intervjuguide. Dalland seier vidare at det temaet vi ser på som viktigast kan vere krevjande å svare på. Difor starta vi intervjuet med enkle opningsspørsmål, slik at informantane fekk anledning til å snakke seg varme. Desse spørsmåla fungerte som kontrollspørsmål. I forkant av intervjuet var vi klare på at vi ikkje var ute etter å måle kunnskap. Vi skulle ikkje bedømme eller vurdere, men prøve å forstå. Når vi etter kvart hadde prata oss varme, begynte vi å spisse oss inn mot hovudtemaet. Hovudspørsmåla var ganske opne, fordi vi ville at deltakerane skulle vere spontane i diskusjonen sin med kvarandre. Vi hadde bestemt oss for ei problemstilling

på førehand, men var samtidig bevist på at denne kunne endrast. Til slutt hadde vi ei oppsummering av informasjonen som var komen fram, og vi spurte informantane om det var noko dei ville leggje til. Vi lot deltakerane få ein avsluttande kommentar, for å sikre oss at ingen satt igjen med synspunkt dei ikkje hadde fått delt. Vi valte denne tilnærminga, med eit ganske opent intervju, for at deltakerane skulle vere spontane i diskusjonen med kvarandre.

### **3.4 Transkribering og analyse**

Når vi var ferdige med intervjuet, måtte vi transkribere dei. Dette betyr å skrive ned ord for ord som er sagt (Dalland, 2017). Dette for å kunne jobbe med intervjuet i etterkant. Det som er viktig å hugse på når ein transkriberer, er at ein mistar nyansane når ein gjere diskusjon om til tekst. Å gjere intervjuet om til tekst handlar om å bevare den opphavlege stemninga, difor valte vi å skrive notat ved sidan av intervjuet. Johannessen (et al., 2006) skriv at ein kan velje ut dei delane av intervjuet som er relevant, og slette informasjon som ikkje er relevant. Vi valte likevel å skrive ned heile intervjuet, for om noko ikkje var relevant akkurat då, kunne det bli det ved seinare anledning.

### **3.5 Validitet og reliabilitet**

Det er to spørsmål ein må stille seg sjølv til data:

1. Kva relevans har data for problemstillinga?
2. Kor pålitelig er måten data er samla inn på?

*«Et grunnleggende krav til data er at de må være relevante for problemstillingen»*

(Dalland, s. 60, 2017). Dette gjelder også når vi har menneske som informasjonskjelde. Er dei relevante for problemstillinga? Data ein hentar frå informantane må vere relevant. Difor må ein ha forma spørsmål som svarar på problemstillinga.

Informantane i denne undersøkinga har forskjellig geografisk og kulturell bakgrunn frå sine respektive land. Alle har tidlegare erfaring med friluftsliv, samtidig dei har gått i same klasse sidan august. Dei har også søkt seg hit for å studere Outdoor Education and Nordic Friluftsliv. Difor kan vi bekrefte at dei er relevante for problemstillinga.

Dalland (2017) hevdar at sjølv om data er relevant, må dei ha blitt samla inn på ein måte som gjer at det blir påliteleg. Om informanten misforstår spørsmål, om lyden ikkje er



god nok, eller om det blir gjort feil i prosessen med å transkribere, vil dette føre til redusert pålitelegheit. For å sikre at slike feil ikkje oppstår, hadde vi alltid to opptakarar til å ta opp intervjuet. Vi sikra oss ein stille plass å ha intervjuet, slik at vi ikkje vart forstyrra av andre kjelder. Vi spurte også informantane om vi hadde forstått dei riktig gjennom heile prosessen. Til slutt stilte vi dei spørsmål om dei hadde noko å leggje til. Nyeng (2012) skriv at intersubjektivitet handlar om å vere innforstått med at røynda framstår på likt for andre som den gjere for deg. I denne samanhengen betyr det at vi har brukt ein del sitat frå informantane som gjer at lesaren sjølv kan tolke den data vi har brukt.

## 4. Resultat og diskusjon

Gjennom dette kapitelet vil vi presentere hovudfunna våre. På bakgrunn av problemstillinga har vi difor valt å dele det inn i tre delar. Først vil vi sjå på kva allemannsretten betyr for studentane ved Outdoor Education and Nordic Friluftsliv, deretter vil vi analysere svara opp mot tur etter evne (Faarlund, 1973) for å avklare deira turnormer og haldning til sikker ferdsel (Horgen, 2010). Til slutt knyter vi det opp mot dagens utfordring ved naturbasert turisme i Noreg (Ellingsen, 2006; Jacobsen, 2017; Oma, 2017). Ettersom vi hadde to fokusgruppeintervju med totalt ti informantar, valte vi å referere til dei som E-I(nummer) og V-I(nummer), der «I» står for informant og «E» og «V» for deira geografiske lokalitet. «E» for Europa og «V» for verda, dette vil sei USA og Australia.

### 4.1 Tar sporlaus ferdsel for stor del av allemannsretten?

Sporlaus ferdsel er viktig for allemannsretten. Utan å ta godt vare på naturen, fårøvar ein framtidige generasjonar sin natur og rett til å drive friluftsliv (Mytting & Bischoff, 2008). Frilufsloven (1957) understreker at allemannsretten er avhengig av at ein som brukar opptre aktsamt; *«I utmark kan en hver ferdes til fots hele året, når det skjer hensynsfullt og med tilbørlig varsomhet»* (Frilufsloven, 1957, §2). At sporlaus ferdsel er eit viktig prinsipp for frilufslova vil vi difor påstå er openbart. Det vi derimot fant interessant i vår undersøking var den grad våre informantar vektla sporlaus ferdsel når vi spurte dei om allemannsretten. Noko av det første som vart nemnt når vi stilte dei spørsmål om pliktene til allemannsretten, og som vart gjennomgåande for heile intervjuet, var nettopp sporlaus ferdsel.

Informantane var veldig bevisste på å redusere eigne spor og vektla det å ikkje etterlate søppel i stor grad. Diskusjonen i gruppa med informantane frå Europa ved spørsmål om pliktene som følgde allemannsretten vart difor fort retta inn mot dagens situasjon rundt naturbasert turisme.

*«The last thing I think, what the teacher said that it's now more people that come to Norway and use the right to roam and it becomes more difficult, because maybe they don't use their common sense so much. It's just too many people, and there are not enough rangers to regulate it, and*

*they don't even know, no, it is very strange, why wouldn't they know that you don't leave thrash in the nature» (E-I6).*

Gruppen er klar over at Norge har hatt tydelige utfordringer knyttet til turismeindustrien. Det som likevel verker som en framtrædende tanke er at problemene først og fremst er knyttet til forurensning. Dette er fortsatt en utfordring (Flaaten, 2017), men problemet har samtidig vært dårlig planlagde turer (Oma, 2017). Det er vanskelig for oss å fastslå om informantene er klar over at Trolltunga hadde 40 redningsaksjoner sesongen 2016 (Ellingsen, 2016), men mange av redningsaksjonene var ofte forårsaket av dårlig planlegging. Turister som tar den ca 28 kilometer lange turen opp i flipflops, t-skjorte og shorts, har mat i plastikkposer, flaske med vann i hånda og som starter alt for seint. Av og til går det greit, av og til går det ikke greit. Dette er i liten grad aktsamt. Ifølge friluftslovens § 11 (Friluftsloven, 1957) skal den som ferdest på en annen manns grunn sørge for at en ikke er til ulempe for andre. Skal en bruke rettene allemannsretten legg til rette for må en derfor sørge for å ferdest trygt. Som bruker må en anstrenge seg for at turen ikke overgår egne ferdigheter (Faarlund, 1973). Svarene informantene kjem med inkluderer i liten grad dette i deres syn på pliktene til allemannsretten.

Den andre gruppen med informanter fra USA og Australia nemner videre respekt, i tillegg til sporløs ferdsel, som et av prinsippene som høyrer med allemannsretten.

*«Leave no trace. Those kinds of things, like our responsibility. Yeah I think in order for right to roam to work people need to respect the nature, and I guess, yeah, leave no trace and minimal impact otherwise...» (V-I2).*

Kva V-I2 meiner med «respekt for naturen» er vanskelig å tyde. Det kan vere verdiar som går utover det vi forbinder med sporløs ferdsel (Mytting & Bischoff, 2008), spesielt med tanke på at den amerikanske definisjonen inkluderer turplanlegging som et av fleire prinsipp (McGivney, 2003). Vidare går informantene i liten grad i nærare detalj for å forklare omgrepet utanom å nemne at en må respektere naturen og ta med seg ut, det en tar med inn. Derfor antar vi at deres syn på sporløs ferdsel i stor grad er samanliknbart med informantene frå Europa.

Når vi spør om dei tenkjar på allemannsretten når dei er ute på tur, snakkar dei om frilufslovens §9 (1957):

*«The hundred and fifty meters is one thing which stays in my mind the most. Because, well, the most of the time it's easy to stay away one hundred and fifty meters» (E-I1).*

E-I1 snakkar om at sporlaus ferdsel allereie var eit innarbeida prinsipp før informanten kom til Noreg. Vidare trur informanten at dette er gjeldande for heile gruppa. Inntrykket vi som forskerar får vidare er at det er frilufslovens §9 (1957), ved sidan av sporlaus ferdsel, dei fleste informantane tenkjar på når vi snakkar om allemannsretten sine pliktar. Dette viser seg også å vere gjeldande i den andre gruppa av informantar:

*«Be respectful to others. I mean even though you are allowed to roam into possibly other people's yards if its uncultivated you need to ask permission if your going to be staying anywhere close to there. And make sure not to actually set up a camping spot right next to anyone's house» (V-I3).*

Det å sørkje for at ein ikkje er til misnøye eller irritasjon for andre verkar å vere viktig. At alle informantane verkar å vere einige om at fri ferdsel er eit unikt konsept synest å fremme ei respektfull haldning ovanfor naturen og til andre. V-I2 nemnar at privilegiet som allemannsretten fremmar (Frilufsloven, 1957) gjer at informanten i større grad anstrengar seg for å fylgje opp pliktene retten avheng av.

Respekt for naturen, gjennom sporlaus ferdsel (Mytting & Bischoff, 2008) og frilufsloven §9 (1957), verkar å vere det informantane vektleggjar. Sjølv om informantane har tidlegare turerfaring, både gjennom private turar og i regi av studiet ved Høgskulen på Vestlandet, snakkar dei generelt lite om turplanlegging og vurderingar når vi spør dei om allemannsretten. Dette betyr ikkje at dei ikkje planleggjar egne turar eller tar viktige vurderingar undervegs, men at det dei forbinder med allemannsretten nødvendigvis ikkje inkluderer dette. Dette kom seinare fram i intervjuet, etter kvart som vi spurte meir om turplanlegging og risikoredusering:

*«Yeah, pack enough clothes, food and maybe be aware of the ability of the group members if the hike is to their abilities, if they can do it, have a plan B, and always, like, maybe assess the situation after a few hours. Can we still reach our goal or maybe we have to turn around earlier?»*  
(E-I1).

Informantane verkar i liten grad å inkluderer trygg ferdsel som ein del av pliktene som følgjer allemannsretten. Gjennom Outdoor Education studiet ved Høgskulen på Vestlandet blir turplanlegging i stor grad vektlagt (Martin, Breunig & Wagstaff, 2017). Studenten blir også introdusert for tur etter evne (Faarlund, 1973). Samtidig har dei lært om fri ferdsel og kva allemannsretten (Frilufsloven, 1957) er gjennom studiet. Difor syns vi det er interessant at det å sikre trygg ferdsel i liten grad er vektlagt av informantane, når vi spør dei om allemannsretten. Det Reusch (2012) omtalar som aktsamheitsnorma, blir i informantane sitt syn representert som sporlaus ferdsel. Vil vil påstå at dette til ein viss grad blir overflatisk. For å sikre aktsamheit og tilbørleg varsemnd, i samsvar med frilufslova, må ein utøve trygg ferdsel. Dette tek turplanlegginga i stor grad vare på (Horgen, 2010; Mytting & Bischoff, 2008).

## **4.2 Tur etter evne**

Under intervjuet snakka vi ein del om turplanlegging og korleis redusere risiko på tur. Gjennom undersøkinga har vi valt å analysere svara opp mot tur etter evne (Faarlund, 1973), som er ein sentral del av norsk sikkerheitskultur (Tordsson, 1998). Vi meiner prinsippet harmonerer med det Reusch (2012) omtalar som allemannsrettens aktsamheitsnorm, og har difor valt å knyte det opp mot frilufsloven (1957) for å ivareta hensynsfull ferdsel.

### **Vær og forhold**

Gjennomgåande for begge intervjuar var at det vart snakka om vêret, som her i Noreg er kjent for å vere variert (Mytting & Bischoff, 2008). Etersom semesteret til informantane strekk seg frå tidleg haust til midten av desember, er det naturleg å anta at dei på sine turar har opplevd ein god del vêr (Mamen, 2013). Det verka å vere gjennomgåande for begge gruppene at vêret her er ein av dei største utfordringane ein må ta omsyn til. Dette kan tolkast utifrå fleire av svara vi fekk: *«Mostly it's not like the*

*way the forecast, totally different, so, pack your raingear anyway. Even if it's supposed not to rain» (E-I1).*

Mytting & Bischoff (2008) nemnar at vêret er den faktoren ein tydlegast må ta stilling til på tur. Dette stemmar overeins med tankane informantane har gjort seg. Vidare verkar erfaringa til E-I1 å vere gjeldane for fleire. Sjølv om vêret er bra forklarar V-I2 i den andre gruppa at både regnjakke og regnbukse er med tur. Som eit svar på korleis ein kan redusere risiko snakkar E-I4 vidare om korleis vind og tåke påverkar vegval. At ein i dårleg vêr ikkje legg ruta over utsette plassar. At vêret ofte byr på utfordringar som gjer at ein må tilpasse planen. Dette er samstemt med Faarlund (1973) sine tankar om tur etter evne. Vêr- og føreforhold er eit krav ein må ta omsyn til, turen må difor tilpassast deretter. Vidare går tankane til Faarlund igjen i ein del av svara til informantane. Som ein kommentar til at V-I3 nemnar at han i løpet av hausten har vendt seg til å sjekke vêrmeldinga nå, i større grad enn før, seier V-I1: *«I just assume it's going to be terrible all the time. Assume the worst and hope for the best» (V-I1).* Denne tankegangen er i stor grad representativ for det Horgen (2010) omtalar som konsekvenstenking. At ein etter ulykkespåska 1967 begynte med skadeførebyggjande arbeid, med blant anna Høgfjellsskolen og Faarlund (Faarlund, 2015) i spissen, gjorde at ulykkesstatistikken gjekk ned. Å vere føre var, eller som DNT og Raude Kors sa det: *«Velkommen til fjells, men ta ansvaret selv» (Eide, 21.03.2017),* vart viktig for å etablere vakne vegval. At V-I1 antar det verste og håpar på det beste er difor, slik vi tolkar det, ein del av det å sikre tur etter evne (Faarlund, 1973), å sørgje for at krava ikkje overstig føresetnadane turen byr på.

Terrenget blir vidare nemnt som ein faktor dei fleste informantane har fått nye erfaringar med. Når vi spør informantane om korleis dei tenkjar risikovurdering før tur, nemnar dei ofte brattheita som ein viktig faktor. Orda *«elevation»* og *«steep»* blir under intervjuet brukt fleire gongar om ein annan.

*«Also, don't do something way above your abilities. When you look up a hike and it says, it's these hours and this elevation, and whatever, yeah, it's manageable» (E-I1).*

*«It's a hell of a lot steeper here. Everything is always like six hundred or more meters on a what, 2k, whatever, trail and it's normally a lot longer in the US» (V-I1).*

Mytting og Bischoff (2008) nemnar at ein gjennom turplanlegging må gjer ei områdevurdering før tur. Er lendet lett eller tungt å gå? Erfaringane informantane har gjort seg verkar å gjenspegle dette. V-I1 hintar til ein bratt tur nokon av informantane hadde til Reinebringen; *«it's basically just rock climbing, you are not even hiking at that point.»* Det verkar som at turane informantane har vært gjennom har gitt dei ein del erfaring med terreng og spesielt fjell. Det er difor forståeleg at E-I6 nemnar at det er lurt å planlegge tidsbruk og rute. Horgen (2010) seier at for å overhalde tur etter evne (Faarlund, 1973), må ein velje område etter evne. Lendets karakter blir derfor naturleg å vurdere. Vi vil anta at erfaringane informantane har gjort seg i Noreg har gitt dei kunnskap og erfaring til å forstå kvifor ein skal vurdere terrenget før tur.

Samtidig visar det seg at semesteret har bydd på fleire erfaringar enn variasjon i vêr og terreng. Som friluftsstudent må ein forholde seg til at dagane blir kortare fram mot jul. Dette er noko begge gruppene påpeikar. E-I5 minnst ein tur nokon av informantane hadde kort tid før intervjuet:

*«I think that this time of the year also be aware that it's getting dark really early. We figured that out on Saturday. (...) We spent more time at the top, enjoyed the view and snow. We weren't aware that it was gonna be dark» (E-I5).*

Gruppa hadde nådd tilbake i tide og etter plan, men erfaringa hadde gitt dei forståing for at vintermørket kunne by på utfordringar om ein ikkje var klar over det. I intervjuet spurte vi vidare om kva informantane pakka med seg i sekken på ein dagstur. I denne samanhengen snakka V-I2 om ein tur dei hadde hatt til Hesteggi i uoversiktleg lende, rett etter eit av dei første snøfalla for sesongen.

*«Then we were on Hesteggi the other day, and it was all snowy, we did not really know where we were going. So, maybe a compass would be good there» (V-I2).*

Skal ein velje område etter evne, er det samtidig viktig å tenkje på årstida (Horgen, 2010; Faarlund, 1973). Ulik årstid stillar krav til utstyr og ferdigheiter, som informantane har erfart. Semesteret har bydd på variasjon i føreforhold og årstid. Vêr, terreng og forhold har gitt informantane erfaring og kunnskap til å bedømme krava turen stillar for at ferda skal bli tur etter evne.

### **Gruppa sine føresetnadar**

I det vi spør informantane frå Europa om korleis dei gjennomfører trygg ferdsel, snakkar E-I1 tidleg om gruppe etter evne (Horgen, 2010; Faarlund, 1973).

*«Yeah, pack enough clothes, food and maybe be aware of the ability of the group members if the hike is to their abilities, if they can do it, have a plan b, and always, like, maybe assess the situation after a few hours. Can we still reach our goal or maybe we have to turn around earlier?»*  
(E-I1).

Mytting og Bischoff (2008) påpeikar viktigheita av å vurdere kunnskapen og erfaringa til å meistre forholda. Eigen og gruppa si yteevne, både fysisk og psykisk, må kunne imøtekomme dei krav vêr og forhold krevjar. Seinare i intervjuet, når vi konkret spør dei om «tur etter evne», snakkar E-I1 om betydinga av å ikkje overvurdere seg sjølv. At ein må tenkje på at krava turen føresettar ikkje overstig ferdigheitene i gruppa.

Ved spørsmål om kva informantane har med seg i sekken på dagstur listar begge gruppene opp ekstra mat, førstehjelpsutstyr, varme klede, regnkledde, lighter eller fyrstikker, kniv, hovudlykt, telefon og vatn. Å ha rett og nok utstyr er ein viktig del av gruppevurderinga og viktig å for å sikre trygg ferdsel (Mytting & Bischoff, 2008). Ved spørsmål om informantane frå USA og Australia hadde lært noko nytt gjennom studiet, nemnte mange den omfattande bruken av kompass.

*«I'd bring maps and a compass but I'd never use a compass»* (V-I1).

*«I just like never used a compass before»* (V-I4).



Det verkar gjennomgåande at ingen i intervjugruppa i særleg stor grad hadde mykje erfaring med kompass frå før, sjølv om enkelte nemnar at dei har hatt det med seg. V-I1 forklarar det med at området informanten er vandt til ofte er lett å tyde på kartet, både fordi informanten er kjent i fjella og området har klare ledelinjer (Mytting & Bischoff, 2008) som er lette å kjenne att på kartet. I den andre intervjugruppa nemnar E-I6 at informanten aldri hadde brukt kompass før. Kva tidlegare erfaring dei andre i gruppa har med kompass er vanskeleg å avklare, men vi får inntrykk av at informantane forstår kvifor kompasset ofte er med på tur her i Noreg, med skiftande vêr, forhold og store område med open natur. At kompasset er eit reiskap som hjelper ein å overhalde prinsippa i tur etter evne (Faarlund, 1973) blir dermed naturleg.

### **Korleis oppfattar informantane tur etter evne?**

Gjennom intervjuet får vi inntrykk av at informantane i stor grad brukar prinsippa i tur etter evne (Faarlund, 1973). Likevel verkar det som om informantane stillar seg noko ulikt til konseptet. Når vi spør dei direkte om dei bevisst brukar konseptet får vi varierte svar frå informantane. E-I1 svarar at objektet brukar det ein del umedvetande, at erfaring objektet har gjort seg og kunnskap objektet har fått, gjer at konseptet i større grad strevast etter automatisk. Samtidig verkar det som at informantane, på bakgrunn av god kjennskap til kvarandre, har utvikla ei forståing for ferdigheitene til ein annan. E-I3 nemnar at kjennskapen informantane og andre klassekamerater har knyta saman gjer at dei i større grad kan utfordre kvarandre.

*«It's also what I think about the "tur etter evne" that more you know each other the more you can challenge each other. Like the first part of the semester we wouldn't have challenged each other as much as we do know. So I think that is really important with this "tur etter evne" that is a big part of it, because more you know each other, you know more that you can do it» (E-I3).*

Det å kunne utfordre seg sjølv og gruppa verkar blant fleire av informantane som ein framtrødande tanke med tur etter evne (Faarlund, 1973). Det verkar som om informantane har opparbeida ein felles gruppedynamikk og vurderingsevne (Horgen, 2010) som gjer at dei kan utfordre kvarandre på bakgrunn av gruppa sine føresetnadar. Denne forståinga blir seinare nemnt i intervjuet:

*«...we learned a lot on how much we can really do. And we can say that we can walk a little bit faster if it's getting dark and, we can do more than we think we can do our self. (...) And like you said, you don't think about this plan, this assessment, and I think we just know that we do it, but we probably do it a little bit unconsciously. Just based on our experience and other stuff we've done here» (E-I2).*

Vidare i intervjuet nemnar E-I6 at konseptet ofte blir gløymd. Likevel kjem det fram at informanten forstår viktigheita av å planlegge turen i forkant, ha ein naudplan og ta med førstehjelpsutstyr. Det verkar som om informanten visar god vurderingsevne forhold til turområde og det å ha med seg riktig utstyr. Dette er sentrale punkt i tur etter evne (Faarlund, 1973). Vi tolkar det som at informanten ikkje oppfattar konseptet bevisst, men at informanten umedvetande i stor grad følgjer prinsippet.

Når vi spør informantane frå USA og Australia om tur etter evne (Faarlund, 1973) nemnar dei, slik den andre gruppa gjorde, det å kunne utfordre seg sjølv. Forskjellig frå den andre gruppa er at dei samtidig drar inn flow-teorien til Csikszentmihalyi (Tordsson, 2010):

*«You are talking about the levels of risk and excitement, and having not enough risk is kind of boring, the participants are not enjoying themselves. And tinformanten it is the opposite of the spectrum winformanten there is to much risk and the safety is compromised. And there is probably more fear, rather than excitement. And they were saying you want to achieve, sublime, were you are kind of like excited and scared at the same time» (V-I2).*

Det verkar som om dei forstår tur etter evne (Faarlund, 1973) som ein metode til å oppnå flyt og spenning. Korleis flyt blir oppnådd når oppgåva verken er for keisam eller stressande (Tordsson, 2010). Om dei er klar over at hovudfokuset til tur etter evne er å sikre trygg ferdsel, er vanskeleg å avklare. Mogleg har dei misforstått spørsmålet. Likevel verkar det som om konseptet blir oppfatta noko variert, og kanskje misforstått, men vår data tilseier at prinsippa blir streva etter i praksis.

### **4.3 Er det å oppfatte kva allemannsretten inneberer enkelt?**

Under intervjuet med dei europeiske informantane vart ordet «common sense» brukt svært mykje for å forklare kva pliktene til allemannsretten inneberer. «Common sense» vart gjentatt fleire gongar av informantane.

*«But as I said before, most of the duties that comes with right to roam are just comparable to using a common sense» (E-I5).*

Kva informantane legg i ordet «common sense» er vanskeleg å avklare. Slik vi tolkar «common sense» vil betydinga vere kulturelt avhengig. Tordsson skriv at kultur er noko vi lærer (2010), vidare påpeikar han kulturelle konstruksjonar; at alle har grunnleggjande måtar å erfare, fortolke og ordne røynda på. Dette tilhøyrar det vi sjeldan problematiserer og som oftast tek for gitt. Svara vil difor variere frå person til person. Dette inntrykket kjem samtidig fram når E-I3 omtaler allemannsretten som enkel: *«Yeah, I don't think a lot about the right to roam, because it is just so easy, and you don't, it's just common sense» (E-I3).*

For å oppfatte andre kulturelle konstruksjonar (Tordsson, 2010), må vi samanlikne våre erfaringar og fortolkingar med andre kulturar. Vi må opne auga for korleis andre tolkar røynda rundt oss, sjølv om det er vanskeleg. Dette påpekar E-I3 sjølv:

*«Yeah, but they maybe also have another culture, like just to leave thrash, that's just normal, so for them it's common sense not to clean up after them, because they have another culture» (E-I3).*

Det kan verke som om allemannsretten (Friluftsløven, 1957) blir eit paradoks. Tolkar vi det E-I3 seier kan det verke som om informanten forstår allemannsretten som enkel, men for folk frå andre kulturar er det som informanten forklarar sjølv; forskjellig kultur gir forskjellig fornuft (Tordsson, 2010). «Common sense» blir annleis betinga, og difor blir allemannsretten i større grad vanskeleg å forstå. For informantane som har utdanning og erfaring med kva allemannsretten inneberer vil denne fornufta vere tilnærma lik vår, tatt i betraktning at informantane har forskjellig kulturell forståing og erfaring med friluftsliv. Likevel kan vi stille spørsmål ved oppfatninga deira. Er den hundre prosent riktig?

Pliktene til allemannsretten (Friluftsløven, 1957) blir av informantane oppfatta som noko som er samanliknbart med «common sense». Det å bruke fornufta si og spesielt vise omsyn til eigne spor, ikkje etterlate søppel eller andre spor, verkar å vere det mest sentrale med allemannsretten (Mytting & Bischoff, 2008). Vi ser tendensar til at informantane ikkje inkluderer turplanlegging i det dei omtalar som «common sense». Dei er tydelegvis klar over at for å gjennomføre ein tur, må det vere tur etter evne (Faarlund, 1973), men ut ifrå intervjuet verkar det som om alle informantane frå Europa, USA og Australia ikkje tenkjar på dette i forbindelse med allemannsretten. Vi ser ingen tydeleg linje der objekta kopla turplanlegging opp mot allemannsretten. Deira oppfatning av pliktene til allemannsretten verkar difor å vere noko overflatisk, der dei i liten grad går i djupna av kva det betyr. Samtidig når Reusch (2012) skriv at pliktsidene av allemannsretten er mindre omtalt enn rettssidene, kan ein forstå at pliktene som følgjer retten til å ferdast fritt kan vere vanskeleg å oppfatte. Dette seier samtidig E-I3 indirekte i intervjuet:

*«That's why it's so, like, you don't think a lot about it, because you just use your common sense and then I would think more about it if there were a lot of rules, then I would think about this and this and this, but now it's just you just go out, and you don't really think about it» (E-I3).*

Om vi tolkar det informanten seier, er det tenkeleg at brukarar i større grad hadde tenkt over pliktene (Friluftsløven, 1957) som følgjer, om dei i større grad hadde vore meir definerte og mindre diffuse (Reusch, 2012). Tordsson (2010) hevdar at vi opplever kultur forankra i oss som ein sjølvfølgje. Dette fører til at det kan vere vanskeleg for oss å ta innover oss ulike oppfatningar og syn. Kan det at pliktene er mindre omtalt enn rettane gjere at informantane oppfattar allemannsretten enklare enn den er?

Marianne Reusch (2012) skriver i ein artikkel hos NRK at allemannsretten (Friluftsløven, 1957) ville gitt eit betre pedagogisk utgangspunkt om regelen var formulert i motsatt rekkjefølgje: «bare når det skjer hensynsfullt og varsomt, kan en hver ferdest fritt i utmark...» (Reusch, 27.11.2012). Om dette ville ha påverka redningsaksjonane på Trolltunga sesongen 2016 (Ellingsen, 2016) er uvisst. Når vi derimot, gjennom intervjuet, ser ein tendens som tilseier at friluftsstudentar har det vanskeleg for å oppfatte pliktene ved allemannsretten, forstår vi at det er vanskeleg for

turistar. Reusch kan etter, slik vi tolkar vår data og koplar det opp mot allemannsretten og deler av turismeutfordringa, ha eit poeng. Burde pliktene komme før rettane?

For studentar som interesserar seg for friluftsliv, har erfaring, kunnskap og utvikla eit sett med normer som trygger ferdsel, er det nødvendigvis ikkje så farleg at pliktene (Friluftsløven, 1957) ikkje blir oppfatta hundre prosent riktig. Det verkar som dei i praksis opptrer innanfor dei rammer vi tolkar som aktsamt. Ser vi derimot til turister med lite erfaring og forkunnskaper, som gjerne går opp i «dongeribukse» og «småsko» (Lura, Otterlei, Hauso og Sanden, 2016), vil vi anta at deira «common sense» og turnormer inneheld langt mindre relevant kunnskap og erfaring. Uvitande manglar dei gjerne dei føresetnadar turen krevjar (Faarlund, 1973). Dette kan bety at enkelte turistar, etter å ha høyrte om retta vi har til å ferdes fritt i utmark, ikkje tenkjar over dei plikter som følgjer for at allemannsretten skal fungere. Vi syns difor det er forståeleg at turistar slit med å oppfatte kva allemannsretten inneberer, når informantane våre for det meste bare nemnar sporlaus ferdsel i samanheng med pliktene som følgjer. Informantane koplar i liten grad turplanlegging (Faarlund, 1973; Horgen, 2010; Mytting & Bichoff, 2008) og sikker ferdsel (Horgen, 2016) som eit av vilkåra som føresetjar fri ferdsel.

#### **4.4 Metodiske svakheit**

Om ein skulle gjeve oppgåva større breidde, med fleire syn på temaet, hadde det vore interessant med eit større geografisk omfang. Spesielt å hatt med personar med asiatisk bakgrunn. På grunn av at det er seint på året var dette vanskelig. Difor valte vi å basere oss på dei erfaringane utvalet kunne gje oss. Dette var godt nok til å kunne svare på problemstillinga og gje oss interessant informasjon. Ei anna svakheit med metoden er at intervjuet er gjennomført på engelsk. Sidan vi ikkje har engelsk som morsmål, kan informasjon gå tapt i form av at vi tolkar svara deira feil, og at dei tolkar spørsmåla våre feil. Dette prøvde vi å forhindre med å gjere ein god jobb med formuleringa av spørsmåla i intervjuguiden og ved å gjennomføre pilot intervju.

## 5. Konklusjon

Informantane opptrer i den grad vi kan bedømme ut frå intervjuet aktsamt og med tilbørleg varsemd på tur, men knyter ikkje sin ferdselskultur rundt det å sikre ein trygg ferdsel som ei av pliktene til allemannsretten. Under intervjuet var det sporlaus ferdsel som gong på gong kom fram som pliktene som følgde. Dette er ikkje feil, men heller ikkje hundre prosent riktig, skal vi kunne oppretthalde allemannsretten og detts system er ein nøgde til å kunne ha tillit til brukarane utan at infrastrukturen kjem under for stort press. Når internasjonale studentar på Outdoor Education, som studerer friluftsliv, ikkje knyter «tur etter evne» eller aktsam ferdsel opp mot allemannsretten, korleis skal vi forvente at besøkjande turister skal gjere det same? Må vi endre vår formulering av allemannsretten?

## 6. Litteraturliste

Busch, K.E. (2017). *Bør allemannsretten begrenses?* Henta den 25.11.2017 frå: <https://forskning.no/2017/08/ren-natur-allemannseie/produisert-og-finansiert-av/norges-forskningsrad>

Dalland, O. (2017). *Metode og oppgaveskriving*. Oslo: Gyldendal Akademisk

Eide, S. (2017). *50 år siden dødspåsen: 17 døde i fjellet*. Henta den 12.12.2017 frå: <https://www.nrk.no/ho/50-ar-siden-dodspasken-1967-1.13436197>

Ellingsen, C. (2016). *Alarm Trolltunga* [Videoklipp]. Henta den 10.12.2017 frå: <https://tv.nrk.no/serie/brennpunkt/mddp11001716/23-11-2016>

Faarlund, N. (1973). *Hva - Hvorfor - Hvordan*. Kompendium Nr. 32 ved NIH. Henta den 5.12.2017 frå: <http://naturliv.no/faarlund/hva%20-%20hvorfor%20-%20hvordan.pdf>

Faarlund, N. (2015). *En dannelsereise*. Viborg: Ljå Forlag. Henta den 15.12.2017 frå: <http://friluftslivsboka.no/kapitler/kilder>

Fjelltveit, I. (2016). *Fra 800 til 80.000 turister til Trolltunga på seks år*. Henta den 5.12.2017 frå: [https://www.nrk.no/hordaland/endelige-tall\\_-80.000-besokte-trolltunga-i-2016-1.13233759](https://www.nrk.no/hordaland/endelige-tall_-80.000-besokte-trolltunga-i-2016-1.13233759)

Flaaten, C. (2017). *Forsøpling på populært turistmål provoserer*. Aftenposten. Henta den 12.12.2017 frå: <https://www.aftenposten.no/reise/Forsopling-pa-populart-turmal-provoserer-10195b.html>

Fredman, P., Wall-Reinius, S., & Lundberg, C. (2009). *Turism I natur: Definitioner, omfang, statistikk*. (ETOUR rapport 23/2009). Henta den 10.12.2017 frå: <https://www.diva-portal.org/smash/get/diva2:282000/FULLTEXT01.pdf>

Friluftsløven. (1957). Lov om friluftslivet m.v 1. juli 1957 nr. 16. Henta den 12.12.2017 frå: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1957-06-28-16>

Horgen, A. (2010). *Vinterfriluftsliv*. Kristiansand: Høyskoleforlaget AS.

Horgen, A. (2013). Friluftsliv og ulykker, årsaksforhold og juridiske konsekvenser. *Utmark tidsskrift for utmarksforskning*, (1), 1-20.

Horgen, A. (2016). Respons på fare i naturen, holdninger til sikkerhet i friluftslivet : et historisk perspektiv med utgangspunkt i norsk fjellsport. I Horgen A, Fastin, M. & Lundhaug, T (red.), *Ute! Friluftsliv – pedagogiske, historiske og sosiologiske perspektiver* (s. 211-231). Bergen: Fagbokforlaget

Innovasjon Norge. (2017). *Nøkkeltall for norsk turisme*. Henta den 5.12.2017 frå: <http://www.innovasjon norge.no/contentassets/0d32e3231c0a4367a96838ee3bb5b294/nokkeltall-for-norsk-turisme-2016.pdf>

Jacobsen, E.K. (2017). *Allemannsretten i møte med masseferdsel : adgangen til begrensninger i ferdsel av hensyn til naturen*. (Mastergradsavhandling, Universitetet i Bergen). Henta frå: [http://bora.uib.no/bitstream/handle/1956/16509/JUS399\\_V17\\_188.pdf?sequence=1](http://bora.uib.no/bitstream/handle/1956/16509/JUS399_V17_188.pdf?sequence=1)

Johannessen, A., Tufte, P.A., & Kristoffersen, L. (2006). *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode*. Oslo: Abstrakt forlag as

Klima- og miljødepartementet. (2016). *Friluftsliv: Natur som kilde til helse og livskvalitet*. (Meld. St. 18. 2015.2016). Henta den 7.12.2017 frå: <https://www.regjeringen.no/contentassets/9147361515a74ec8822c8dac5f43a95a/no/pdf/s/stm201520160018000dddpdfs.pdf>

Kvale, S. (1997). *Det kvalitative forskningsintervju*. Oslo: Ad Notam Gyldendal

Krueger, R.A. (1988). *Focus groups: a practical guide for applied research*. Newbury Park: Sage

Lerdal, A. & Karlsson, B. (2016). *Bruk av fokusgruppeintervju*. Henta den 27.11.2017 frå: <https://sykepleien.no/forskning/2009/02/bruk-av-fokusgruppeintervju>

Lundmark, L. (2009). *Etterfrågan på naturturism. (Forskningsprogrammet Friluftsliv i förändring, rapport 11/2009)*. Henta den 15.12.2017 frå: <http://www.diva-portal.org/smash/get/diva2:303295/FULLTEXT01.pdf>

Lura, C., Otterlei, S.S., Hauso, T. & Sanden, C.H. (2016). *Her er alle røde kors sine oppdrag til Trolltunga i 2016*. Henta frå: <https://www.nrk.no/hordaland/her-er-alle-rode-kors-sine-opdrag-til-trolltunga-i-2016-1.13120573>

Mamen, J. (2013). Været i Norge 2012. *Naturen*, 137(2), 42 – 59. Henta den 12.12.2017 frå: [https://www.idunn.no/file/pdf/60470158/vaeret\\_i\\_norge\\_i\\_2012.pdf](https://www.idunn.no/file/pdf/60470158/vaeret_i_norge_i_2012.pdf)



- Martin, B., Breunig, M. & Wagstaff, M. (2017). *Outdoor leadership: theory and practice*. Champaign: Human Kinetics
- McGivney. (2003). *Backpacker, the magazine of wilderness travel: Leave no trace* (Second edition). Seattle: The Mountaineers Books
- Mehmetoglu, M. (2007). *Naturbasert turisme*. Bergen: Fagbokforlaget
- Miljødirektoratet. (2013). *Right to roam*. Henta den 15.12.2017 frå: <http://www.miljodirektoratet.no/Documents/publikasjoner/M86/M86.pdf>
- Miljødirektoratet. (2016). *Hva er allemannsretten?* Henta den 13.12.2017 frå: <http://www.miljodirektoratet.no/no/Tema/Friluftsliv/Allemannsretten/Hva-er-allemannsretten/>
- Miljødirektoratet. (2016). *Ofte stilte spørsmål om allemannsretten*. Henta den 10.12.2017 frå: <http://www.miljodirektoratet.no/no/Tema/Friluftsliv/Allemannsretten/Ofte-stilte-sporsmal-om-allemannsretten/>
- Miljødirektoratet. (2017). *Allemannsretten*. Henta den 13.12.2017 frå: <http://www.miljodirektoratet.no/no/Tema/Friluftsliv/Allemannsretten/>
- Moe, T.A. (2017). *Røde Kors lei av unødvendige leteaksjoner*. Henta den frå: <https://www.nrk.no/hordaland/rode-kors-vil-ha-tiltak-for-a-begrense-tallet-pa-redningsaksjoner-1.13359961>
- Mytting, I. & Bischoff, A. (2008). *Friluftsliv*. Oslo: Gyldendal undervisning
- Njåstad, M. & Johansen, E.N. (2016). *Her blir utmattede turister reddet ned fra Trolltunga midt på natten*. Henta den 5.12.2017 frå: <https://www.nrk.no/hordaland/her-blir-utmattede-turister-reddet-ned-fra-trolltunga-midt-pa-natten-1.13095049>
- Norwegian Institute for Nature Research. (2012). *Naturbasert reiseliv – hvem kjøper hva og hvorfor*. Henta den 10.12.2017 frå: <http://www.nina.no/english/News/News-article/ArticleId/1708>
- Nyeng, F. (2012). *Nøkkelbegreper i forskningsmetode og vitenskapsteori*. Bergen: Fagbokforlaget

Nærings- og fiskeridepartementet. (2017). *Opplev Norge – unikt og eventyrlig*. (Meld. St. 19 2016-2017). Henta den 6.12.2017 frå:  
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-19-20162017/id2543824/sec1>

Oma, P. F. (2017). *Turister på utrygg grun: en kvalitativ studie av turistens forutsetninger, kompetanse og risikoforståelse tilknyttet fjellturen til Trolltunga*. (Mastergradsavhandling, Norges miljø- og biovitenskapelige Universitet). Henta den 4.12.2017 frå:  
<https://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/handle/11250/2464644/Oma2017.pdf?sequence=1&isAllowed=y>

Reusch, M. (2012). *Allemannsretten : friluftslivets rettsgrunnlag*. Oslo: Flux.

Reusch, M. (2016). *Rett til å være varsom*. Henta den 10.12.2017 frå:  
<https://www.nrk.no/ytring/rett-til-a-vaere-varsom-1.13239539>

Statistisk Sentralbyrå. (2017). *Odda*. Henta den 15.12.2017 frå:  
<https://www.ssb.no/kommunefakta/odda>

Stensland, S., Fossgard, K., Apon, Johannes., Baardsen, S., Fredman, P., Grubben, I., Haukeland, J.V. & Røren, A.M. (2014). *Naturbaserte reiselivsbedrifter i Norge* (INA fagrapport 25). Henta den 10.12.2017 frå:  
<http://www.umb.no/statisk/ina/publikasjoner/fagrapport/if25.pdf>

Tordsson, B. (1998). Om sikkerhet, utfordring og vennskap med natur i nordisk friluftslivstradisjon. I A. Bischoff (red.), *Friluftsliv, sikkerhet og ansvar* (s 3-6).

Tordsson, B. (2010). *Friluftsliv, kultur og samfunn*. Kristiansand: Høyskoleforlaget AS.

## **7. Vedlegg**

### **Samtykkeerklæring**

Declaration of consent

Nature-based tourism

This interview is part of a bachelor research in Friluftsliv at Høgskulen på Vestlandet.

#### **Background and purpose**

For many years, Friluftsløven (1957) has ensured that Norwegians can pursue outdoor activities in Norwegian nature. Over the last years nature-based tourism has flourished, and the tourist are using the same rights as us. This has led to a lot of debate about the right to roam and other such topics. Therefore we would like to find out what the outdoor education students think about this topic.

#### **What does participation in the study involve?**

This study deals with the acquisition of information through a group interview with tape recordings. This we will do with two groups of 5-6 students. Afterwards, we will transcribe the recordings.

#### **Voluntary participation**

All participation is voluntary and you can withdraw at any time. All information we collect will be anonymous and it is not possible to track this information back to you. All information will be treated confidentially. The recordings will be stored on an external hard drive and will be deleted when the study is finished at 15<sup>th</sup> of December 2017.

**Consent for participation in the study**

I have received information about the study and I am willing to participate:

---

(Signed by participant, date)

## **Intervjuguide**

### **Kontrollspørsmål**

1. Do you have experience from hiking in the mountains before?
  - How much?
2. Have you previously, before you started studying here in Sogndal, been hiking in the mountains in Norway?
  - If not, have you been hiking elsewhere? Forest, along the beach, along a lake?

### **Innfasingsspørsmål**

3. What is the first thing that comes to your mind when we mention the principle right to roam?
  - Do you have experience with similar concepts where you are from?
4. Through the teaching here in Sogndal you got an introduction to the right to roam (Allemannsretten). Do you know what duties that comes with it?
  - Now?
  - Before you started studying in Sogndal?
5. Are you aware, and thinking about the right to roam when hiking in the Norwegian mountains?
  - Did you think similar before you started studying here?

### **Nøkkelspørsmål**

6. How would you, before and underway, ensure a safe hike in the mountains?
  - In what ways do you think about risk assessment before a hike?
  - Have you heard of the concept of planning a trip within your and the group's ability (tur etter evne)? Do you use the concept yourself?

7. What is the content of your backpack when you go for a day hike into the mountains?
  - Have your content changed after three months studying outdoor education?
  
8. Have you noticed a difference in your own attitude towards hiking in the mountains before and after you started studying at Outdoor Education?
  - Do you think your time here in Sogndal has affected your attitude?

### **Oppsummering**

9. Do you have any comments?
  - Have we understood you right?
  - Is there something more you want to say or add?

Thor Espen Fugelsøy

6856 SOGNDAL

Vår dato: 23.10.2017

Vår ref: 56321 / 3 / STM

Deres dato:

Deres ref:

## Forenklet vurdering fra NSD Personvernombudet for forskning

Vi viser til melding om behandling av personopplysninger, mottatt 02.10.2017.

Meldingen gjelder prosjektet:

56321	<i>Dei internasjonale studentane ved Høgskulen på Vestlandet sine haldningar til hensynsfull ferdsel</i>
Behandlingsansvarlig	<i>Høgskulen på Vestlandet, ved institusjonens øverste leder</i>
Daglig ansvarlig	<i>Thor Espen Fugelsøy</i>
Student	<i>Håvard Tofte</i>

### Vurdering

Etter gjennomgang av opplysningene i meldeskjemaet med vedlegg, vurderer vi at prosjektet er omfattet av personopplysningsloven § 31. Personopplysningene som blir samlet inn er ikke sensitive, prosjektet er samtykkebasert og har lav personvernulempe. Prosjektet har derfor fått en forenklet vurdering. Du kan gå i gang med prosjektet. Du har selvstendig ansvar for å følge vilkårene under og sette deg inn i veiledningen i dette brevet.

### Vilkår for vår vurdering

Vår anbefaling forutsetter at du gjennomfører prosjektet i tråd med:

- opplysningene gitt i meldeskjemaet
- krav til informert samtykke
- at du ikke innhenter [sensitive opplysninger](#)
- veiledning i dette brevet
- Høgskulen på Vestlandet sine retningslinjer for datasikkerhet

### Veiledning

#### Krav til Informert samtykke

Utvalget skal få skriftlig og/eller muntlig informasjon om prosjektet og samtykke til deltakelse.

Informasjon må minst omfatte:

- at Høgskulen på Vestlandet er behandlingsansvarlig institusjon for prosjektet
- daglig ansvarlig (eventuelt student og veileder) sine kontaktopplysninger

*Dokumentet er elektronisk produsert og godkjent ved NSDs rutiner for elektronisk godkjenning.*